

*ringstime i Norden* medverka dei med ei dramatisering på Kristiansand folkebibliotek. Kulturaspektet er viktig, for litteratur og literaturoppleving høyrer ikkje berre skolen til når eitt av dei høge måla i prosjektet er å utvikle barn til varige lesearar.

Meir informasjon om prosjektet finst på  
[www.barnebokinstituttet.no](http://www.barnebokinstituttet.no)

## Barne- og ungdomslitteratur i Norge 1999 Statistikkar

**S**tatistikken er utarbeidd av NBIs bibliotek og viser talet på bøker for barn og ungdom på norsk og samisk utgitt i Norge eller av utanlandske forlag på norsk. Statistikken kan omfatte nye utgåver av tidlegare utgivingar, men ikkje reine opptrykk. Fagbøker for barn inkluderer ikkje skolebøker.

NBIs statistikk inkluderer òg utgivingar som ikkje er tilgjengelige via bokhandlar, til dømes bokklubbutgivingar (m.a. Go'booken, Tuppen og Lillemor og Penny-klubben) og utgivingar frå dei religiøse forлага som ikkje blir distribuerte gjennom det ordinære bokhandlarnettet.\* Dermed skil NBIs statistikk over barne- og ungdomsbokutgivinga i Norge seg frå Den norske Forleggerforenings *Bransjestatistikken*, som berre omfattar utgivingar frå medlemsforлага. Oversikta i *Norsk bokfortegnelse* grupperer berre skjønnlitterære utgivingar under barne- og ungdomsbøker, medan ein finn faglitteratur for barn og unge i oversikta over faglitteratur for vaksne. *Norsk bokfortegnelse* inkluderer reine opptrykk i årsoversiktene sine.

Materialet for NBIs statistikk er i første rekke NBIs eiga boksamling, som er lagd inn i NBIs database, dernest utskrift frå *Nasjonalbibliografien*, og ymse forlagskatalogar i dei tilfella der NBI kjenner til utgivingane, men ikkje hadde dei innlemma i samlinga per 1.12.00.


\* Desse bokklubbane og enkelte av dei religiøse forлага har ein stor del omsetjingar blant utgivingane sine. Av den grunn vil NBIs statistikk kunne vise høgare tal for omsetjingar, spesielt frå engelske språkområde, enn andre statistikkar for barnebokutgiving i Norge.

NBIs database inneholder om lag 36 000 postar. Basen er tilgjengeleg i eit internett nettverk. Søkbare kategoriar er: forfattar, redaktør, (omslags)illustratør, omsetjar, tittel, serietittel og ord tittel/serie-tittel; originalspråk, forlag og andre utgivarar, utgivingsår, hylle-plassering og Dewey-nummer. Det er også mogleg å søkje på kombinasjonar av kategoriene, til dømes forlag + år. NBIs database er førebels ikkje lagd ut på Internett, men derimot er basen tilgjengeleg gjennom *Norsk samkatalog*, Nasjonalbiblioteket i Oslo.

#### Barne- og ungdomslitteratur fordelt etter sjanger 1990, 1997, 1998 og 1999

SJANGER/ÅR	1990	1997	1998	1999
Antologiar	6	10	11	15
Biletbøker	185	154	201	160
Dramatikk	1	2	3	3
Eventyr	11	9	17	4
Fagbøker	102	148	176	113
Lyrikk	3	6	9	11
Romanar	311	275	320	296
Songbøker	2	6	6	8
Sp. brukargr.*	3	0	0	0
Totalt	624	610	743	610
Samisk litteratur	6	11	2	9

\* Bøker for spesielle brukargrupper: «følebøker», bøker med blindeskrift og teiknspråk



#### Norsk og omsett litteratur 1998

SJANGER	NORSK	OMSETT	TOTALT
Antologiar	7	4	11
Biletbøker	35	166	201
Dramatikk	3	0	3
Eventyr	7	10	17
Fagbøker	38	138	176
Lyrikk	7	2	9
Romanar	148	172	320
Songbøker	4	2	6
Sp. brukargr.	0	0	0
Totalt	249	494	743

#### Norsk og omsett litteratur 1999

SJANGER	NORSK	OMSETT	TOTALT
Antologiar	10	5	15
Biletbøker	44	116	160
Dramatikk	3	0	3
Eventyr	0	4	4
Fagbøker	45	68	113
Lyrikk	8	3	11
Romanar	137	159	296
Songbøker	3	5	8
Sp. brukargr.	0	0	0
Totalt	250	360	610

For statistikk 1990, sjå *Årboka Litteratur for barn og unge 1998*

For statistikk 1996 og 1997, sjå *Årboka Litteratur for barn og unge 1998, 1999 eller 2000*

## Omsetjingar fordelt på originalspråk 1998

	Dansk	Engelsk	Finsk	Fransk	Italiensk	Nederlandsk	Russisk	Spanisk	Svensk	Tysk	Fleirspråkleg
<b>Antologiar</b>	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	2
Biletbøker	1	139		1	1	5		19			
<b>Dramatikk</b>											
Eventyr	2							1	4	3	
<b>Fagbøker</b>	5	114	2	1	1	1	2	14	1		
Lyrikk		1						1			
<b>Romanar</b>	7	115	2	9	1	1	1	27	16		
Songbøker		1								1	
<b>Sp. brukargi</b>											
<b>Totalt</b>	15	371	2	6	1	6	1	3	62	20	7

## Omsetjingar fordelt på originalspråk 1999

	Dansk	Engelsk	Finsk	Fransk	Nederlandsk	Samisk	Svensk	Tsjekkisk	Tysk	Fleirspråkleg
<b>Antologiar</b>									6	
Biletbøker	3	83		2	3		17	1	7	
<b>Dramatikk</b>										
Eventyr				1					1	2
<b>Fagbøker</b>	4	56		1	1		8			
Lyrikk		2				1				
<b>Romanar</b>	5	127	1	2	2	20	1	4		
Songbøker						1			4	
<b>Sp. brukargi</b>										
<b>Totalt</b>	12	268	1	3	5	1	46	1	12	12

For statistikk 1990, sjå Årboka Litteratur for barn og unge 1998

For statistikk 1996 og 1997, sjå Årboka Litteratur for barn og unge 1998, 1999 eller 2000

## Faglitteratur for barn og unge fordelt etter emne

	1990	1997	1998	1999
<b>Generelle skrifter</b>	1	7	4	3
Filosofi	2	0	3	4
<b>Religion</b>	21	30	61	27
Samfunnskunnskap, -orientering	7	5	5	5
<b>Språk</b>	1	0	8	0
Naturvitenskap. Økologi	33	31	23	15
<b>Praktisk vitenskap. Oppfinningar</b>	13	14	19	11
Kunst (inkl. hobbybøker)	17	27	33	28
<b>Litteratur</b>	0	1	0	0
Geografi og historie	7	33	20	20
<b>Totalt</b>	102	148	176	113

Årbokas barnebokstatistikk dekkjer 1999. Då redaksjonen avslutta arbeidet, var materialet for 2000 ikkje fullstendig nok til å utgjere grunnlag for ein årsstatistikk. Statistikken for 1990, 1997 og 1998 gir perspektiv på 1999-utgivinga.

I forhold til 1998 syner tala for 1999 ein nedgang i totalutgivinga på nær 25 %, utan at ein kan trekke nokon konklusjonar av det. Utgivingstala har nemleg variert sterkt gjennom heile tiåret. Gjennomsnittet for totalutgivinga ligg på rundt 650 titlar.

Eit meir markant trekk er at nedgangen for 1999 ikkje gjeld den norske barne- og ungdomslitteraturen. Han ligg framleis stabilt på nær 250 titlar, som han har gjort dei siste åra.

Når det blir redusert, er det altså omsetjingane det går ut over. Dei nyaste tala syner at det særleg gjeld engelskspråklege bilet- og fagbøker.

Også når det gjeld fagbøker for barn og unge, syner det seg at trass i total reduksjon held dei nasjonale utgivingane eit nokså jamt nivå. Etter at innkjøpsordninga blei utvida til å omfatte også denne kategorien i 1996, har gjennomsnittet vore på rundt 50 titlar.

## Samla bokutlån til barn i folke- og skolebibliotek

Land	1990	1997	1998	1999
Noreg	16,9	14,5	14,8	14,8
Sverige	21,1	20,5	20,6	20,6
Danmark	68,9	53,7	52,4	50,7

**Kjelder:**

Noreg: Årsmelding og årbok frå Statens bibliotektilsyn

Sverige: Svenska barnboksinstitutet

Danmark: Center for Børnelitteratur

## Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur for barn og unge

Norsk kulturfond blei oppretta i 1965 for å finansiere ny norsk skjønnlitteratur gjennom ei eiga innkjøpsordning. For barne- og ungdomslitteraturen inneber ordninga at Norsk kulturråd kvart år kjøper inn bøker i 1550 eksemplar. Desse går til folke- og skolebiblioteka, og dei kjem i tillegg til dei bøkene som biblioteka sjølve vel å kjøpe inn.

Faglitteratur var opphavleg ikkje med i innkjøpsordninga, men etter eit treårig prøveprosjekt (1996–1998) blei ordninga gjord permanent også for norsk faglitteratur for barn.

Skjønnlitteratur	1990	1997	1998	1999
Tal på utgivinger*	194	162	211	205
Påmeldde	119	129	149	155
Innkjøpte	97	114	134	134

Faglitteratur	1990	1997	1998	1999
Tal på utgivinger*	21	55	38	45
Påmeldde		29	22	26
Innkjøpte		20	17	12

Kjelde for innkjøpsordninga: Norsk kulturråd

\* Dette er tal frå Norsk barnebokinstitutts statistikk, som inkluderer nye utgåver (men ikkje nye opplag) av tidlegare utgitt bøker.